



Alver kommune  
Att: Hanne Marie Evensen  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Alver kommune - Uttale til søknad - Eidsnes ytre gnr215 bnr68 rehabilitering og utviding av kaifront

Vi syner til brev frå Alver kommune datert 14.02.22 med søknad frå H Sandvik AS datert 23.09.21 om dispensasjon frå byggeforbod i strandona. Vi syner også til søknad om dispensasjon frå arealføremål i sjø *Fiske* datert 11.02.22.

### Om søknaden

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona, samt arealføremålet *Fiske* i sjø for å rehabilitering og vedlikehalde kaifront, og sikring og utviding av kai. Utvidinga medfører utfylling med sprengstein.

### Fiskeridirektoratet region Vest sin rolle

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

### Vår vurdering

I medhald av Plan- og bygningsloven § 19-2 kan dispensasjon «ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene»

### Fiskeri

I kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) er det i sjøområdet utanfor planlagt tiltak registrert eit gyteområde for torsk, hyse og sild, samt fiske med passive reiskap. Nord og søraust for tiltaket er det låssettingsplassar, men vi har ingen nyare informasjon om bruken av desse.

I utgangspunktet er Fiskeridirektoratet region Vest negative til at det gis dispensasjon frå føremålet «Fiske». Når det er sagt har vi ikkje fått inn merknader frå Fiskarlaget som har fått

saka frå oss på høyring. Vi ber likevel om at det oppmodast til dialog med Fiskarlag før tiltak igongsettast for å unngå potensiell konflikt. Dei må som minimum varslast før oppstart.

#### Marint biologisk mangfald

På austsida av eigedomen er det registrert område med blautbotn i strandsona verdikategorisert som viktig. Naturtypen er beiteområde for både sjøaure og kysttorsk. Inngrep som mellom anna utfylling kan påverke desse områda negativt. I dette tilfelle er planlagde tiltak på motsett side av eigedomen, og vi forventar ikkje store konsekvensar for område med blautbotn. Vi presiserer likevel at arbeidet må utførast med varsemd for å unngå unødig spreining av steinmassar og partiklar på sjøbotn. Både med tanke på gyteområde og den registrerte naturtypen.

Vi ber om å få kopi av vedtak i saka.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng  
rådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.*



**Mottakarliste:**  
Alver kommune

Postboks 4

5906 FREKHAUG

